



AV TUVA BJØRKVOLD, FORFATTAR, RESSURSLÆRAR  
FOR NYSGJERRIGPER OG HØGSKOLELEKTOR I  
NORSK VED HØGSKOLEN I OSLO

## Kvifor Lesekrok i Nygjerrigper?

Lesing er ei av fem grunnleggjande ferdigheter som er innførte med Kunnskapsløftet. Lesing er ikkje lenger noko som berre er norskläraren sitt ansvar. No er alle lærarar leselærarar. Men kva betyr det eigentleg i praksis? Korleis kan ein jobbe med lesing i alle fag?

Det viktigaste elevane kan lære, er at dei ikkje alltid skal lese på same måten. Å leite etter fakta i ein tekst krev ei anna form for lesing enn det å lese for underhaldninga si skuld. Derfor må elevane få eit verktøy til å lese på ein formålstenleg måte, og få med seg det dei les.

Med Lesekroken vil Nygjerrigper gi tips til korleis tekstane i Nygjerrigper-bladet kan brukast til å auke lesekompesansen hos elevane. Til kvart blad får du ei ny utgåve av Lesekroken med utgangspunkt i ein av artiklane i bladet.

Lesekroken består av tre typar oppgåver. Den eine går på ein lesestrategi, den andre går på å lese mellom linjene (detektivlesing). I tillegg blir det ei oppgåve som tek i bruk andre innfallsinklar. Kvar gong blir det ei kort teoretisk tilnærming til kvifor oppgåvene er laga som dei er.

UNDERVISNINGSSOPPLEGG TIL ARTIKKELEN «SMAKSAGENTANE» I NYSGJERRIGPER NR. 3-11.

## Fullfør setninga

Å samanfatte det ein har lese, kan vere krevjande for elevar. Kva er eigentleg det viktigaste? Korleis kan ein syne at ein har forstått? Ei tilnærming kan vere å fullføre setningar som læraren har byrja på. Desse halve setningane skal vere sentrale tematisk, henge logisk saman og i sum gi eit godt bilet av artikkelen.

Les først heile artikkelen, anten i fellesskap eller individuelt. Forklar vidare at elevane no skal skrive ferdig nokre setningar for å få fram det viktigaste i teksten. Det beste er om elevane kan gjere dette individuelt på data, for då kan dei lettare nytte seg av teksten vidare. Læraren bør difor lage eit dokument med halve setningar som elevane kan skrive vidare på. Når elevane har skrive ferdig, bør dei lese setningane sine høgt for sidemannen. Heng det logisk saman? Om det er noko som manglar, kan dei forklare dette munnleg.

Neste steg er å omforme setningane til eit samandrag. Finn ei passande overskrift. Skriv ei setning som innleiing og ei setning til avslutning. Rediger teksten digitalt så det blir ein samanhengende tekst, ikkje lausrivne faktasetningar. Vips, så er samandraget på plass.



FOTO: NOFIMA



## Om Nygjerrigper

Nygjerrigper er Forskningsrådet sitt tiltak for elevar og lærarar i barneskulen. Hovudmålet er å oppmuntre barn og unge til å ta vare på og dyrke nysgjerrigheita, forskartrongen og fantasiens sin. Nygjerrigper vil auke interessa for forsking og vitskap – og håper fleire unge menneske vel forsking som karriereveg.

I tillegg til eit eige vitskapsmagasin inkluderer tiltaket nettstad og ulike lærartilbod – blant anna rettleiing i korleis barn kan arbeide med eit forskningsprosjekt.

Les meir om tilboda og aktivitetane i tiltaket på [nygjerrigper.no](http://nygjerrigper.no)





Av Tuva Bjørkvold



**Smaksagentane**

Smakseller eller parfymere. Lappetoffis, for eksempel, kan sette sansen på knall. Parfyme er en smak, men ikke sansene. For eksempel har du ikke smak i næsebunnen, men du kan smake med hjelpeorganene i munnen.

– Foretroll deg litt til å ta en tur severt om ryggen din og høyre i ørene, men til ryggen din høres ganske liten oppleve. Kan ikke ryggen gi bruk til oss? Etter at vi har smakt en mat, føler det seg som at smaken avsmaker seg. Derned kjemper det med å få inn annen smak, og fokuserer bunnstaden.

**Smakparader**

Når du holder et vakkert oppdraget til smaksagentane, Grunngje kjenner til hvilke smaker det er. Grunngje er ikke en smak, men ikke et smak. Det er en smak, men ikke en smak. Det er en smak, men ikke en smak. Det er en smak, men ikke en smak.

**Brunnpotter**

Når du holder et vakkert oppdraget til smaksagentane, Grunngje kjenner til hvilke smaker det er. Grunngje er ikke en smak, men ikke et smak. Det er en smak, men ikke en smak. Det er en smak, men ikke en smak.

**Smaksagentane**

Det er en smak, men ikke en smak. Grunngje er ikke en smak, men ikke et smak. Det er en smak, men ikke en smak. Det er en smak, men ikke en smak.

## Oppgåver til «Smaksagentane»

### 1.

#### Detektivlesing

##### 1.

Kva for sansar nytta smaksagentane for å kunne beskrive mat?

##### 2.

Korleis skal testdamene førebu seg for å kunne jobbe best mogleg?

##### 3.

Kvifor får smakpanelet maten i kvite plastskåler i eit laboratorium og ikkje på ein tallerken i ein restaurant?

### 2.

#### Fullfør setninga

1. Eit sensorisk panel jobbar med å ...

2. I smakpanelet finst det berre damer av di ...

3. Smaksagentane arbeider berre tysdag, onsdag og torsdag av di ...

4. For å vere ein god smaksagent må ein kunne ...

### 3.

#### Jobbi par

Tenk dykk at de skal arrangere ein smakstest av fire mjølkesjokoladar.

Korleis vil de arrangere testen så resultatet blir til å stole på?

1. Skriv opp minst tre punkt.

2. Grunngje punkta munnleg for eit anna par.

